


Norske Spor BA

From: Sven Terje Garmo [garmo@visitjotunheimen.com]
Sent: 26. januar 2009 15:11
To: post@norskespor.com
Subject: Her er nyheter frå Jotunheimen vinteren 2009
Attachments: image004.jpg; image005.jpg



[Gode vinteropplevelingar i Jotunheimen](#)

[Vinterferie på Bessheim](#)

[Vinterfestivalen Sansespel](#)

[Vinterfestivalen Bøverbrus](#)

[Gourmetmat på Fossheim Turisthotell og spennande opplevingar med Naturopplevingar](#)

Nytt frå Jotunheimen



Gode vinteropplevelingar i Jotunheimen

Jotunheimen ynskjer deg velkommen til gode vinteropplevelingar i fjellet. Området byr på enorme høve for skiløping. Kommunane Vågå, Lom og Skjåk byr på nærare 250 km med oppkøyde løyper kor av ca. 20 km er tilrettelagt for skøyting. For den som heller vil gå på oppdagingsferd utanfor dei oppkøyde spora byr Jotunheimen på store område med turar innover i fjelldalane eller opp på toppane. Jotunheimen er eit Eldorado for topturar og off-piste køyring og kanskje blir du den fyrste til å lage årets spor frå akkurat den toppen. Likar du betre å ta heisen til topps byr [Lemonsjø Alpinsenter](#) på flotte forhold både for alpint, telemark og snowboard.

Jotunheimen er ikkje berre for skilturisten. Prøv noko nytt bli med på ein trugetur eller isjuving. Eller test grensene dine i ein islagd foss. Les meir om dette vidare i nyhetsbrevet eller på [nettsidene våre](#). Fekk du lyst på ein tur i Jotunheimen? [Sjekk vêret i Jotunheimen her](#). Sjudalen i Vågå byr på milevis med oppkøyde løyper og her kan du sjekke vår og [føremeldingar](#) for området.

Vinterferie på Bessheim



Bessheim inviterer deg til en innholdsrike vinterferie i Sjudalen 14. Til 21. Februar 2009. Opphaldet startar med måneskinnstur på truger **laurdag 14. februar**. **Måndag 16. februar** er det Familietur til Hoskelia. **Onsdag 18. februar** kan alle bli med å pilke på øvre Sjudalsvatn. **Fredag 20. februar** Dagens skitur går til Bessvatnet. Veka blir avslutta **laurdag 21. februar** Skirenn om dagen og Quiz om kvelden. For gode tilbod og meir om Bessheim gå til www.bessheim.no

Vinterfestivalen Sansespel 20. – 22. februar

Sansespel er ein vinterfestival i kryssingspunktet mellom gode mat - og musikkopplevelingar krydra med den flotte naturen i [Nasjonalparkriket](#). Årets Sansespel går føre seg i Vågå og byr på blant anna følgjande opplevingar.

- Bli med på skitur og møte reinen.
- Aktivitetar for store og små på Lemonsjø Alpinsenter
- Kokkekamp mat servering og marknad i Vågåmo
- Mykje musikk med blant anna konsertar innan genrane country, irsk og funk / soul – kjende band som Vassendgutane kjem!
- Årets Sansekunstnar og Sanseprisen

Velkommen til ein mangfaldig og annleis vinterfestival!

Program og anna informasjon finn du på www.sansespel.no

Vinterfestivalen Bøverbrus 6. – 8. Mars

Bøverdalen ynskjer deg velkommen til [Vinterfestival Bøverbrus](#) med kunst aktivitetar og musikalske i opplevingar i vakre og vill natur. Her blir det mykje ski og snø leik om dagen og om kvelden. Bli med på Raubergstulsrennet ei fem kilometer lang akekonkurranse og Tyrollertravers over høge juv. Musikalsk krydder som kyrkjekonsert og dansefest. Årets

Bøverbrus kunstnar. Dette blir ein vinterfestival for store og små med aktivitetar og opplevingar for alle aldersgrupper. Velkommen til Bøverdalen! Meir informasjon finn du på www.boverbrus.no

Gourmetmat og spennande vinteropplevingar

Naturopplevingar og Fossheim Turisthotell byr denne vinteren blant anna på to spennande opplevingsfylte helger i Lom. 20. til 22. februar byr dei på ei helg med trugetur i Jotunheimen og gourmet opplevingar på Fossheim Turisthotell. Helga 13. Til 15. Mars er trugene bytta ut med ein isøks og stegjern og du kan prøve isklatring. Også denne helga byr Fossheim Turisthotell på gourmet opplevingar. Med andre ord om du har lyst på vinteropplevingar utan ski er dette to spennande helger i Jotunheimen. Prøv noko nytt i vinter. For meir informasjon og gode tilbod sjå www.naturopplevingar.no eller www.fossheimhotel.no .

Jotunheimen Reiseliv AS Telefon: +47 61 21 29 90
Postboks 63, Telefaks: +47 61 21 29 95
N-2688 LOM

E-post: info@visitjotunheimen.com
Internett: www.visitjotunheimen.com
www.nasjonalparkriket.no